



# Til læreren

## Litt fleire tips for å lære om varmeenergi med elevane.

Litt fleire tips for å lære om varmeenergi med elevane.

Lag bål og sjå om det er nokon forskjell på korleis bålet er bygd, og varmen som stråler ut. Øv på bålreglar og kvar ein ikkje bør ha bål.

Sjekk ut eit kjøleskap på skulen og kjenn kor mykje varme som kjem ut av eit kjøleskap. La elevane få erfare at det er varmt på baksida, og forklar at dette er varmluft som er sogen ut av kjøleskapet for å få det kaldt der inne.

Snakk om at solstrålar er skadelege for huden, og at det er derfor vi smører oss med solkrem. Når vi blir skikkeleg varme, sveittar vi. Det er for å avkjøle kroppen. Det krev energi for å fordampe vatnet frå kroppen, og då blir huden avkjølt. Viss du vil ha ein iskald vassmelon ein varm sommar-dag, kan du faktisk berre leggje han i solsteiken. Då vil noko av vatnet i melonen fordampe, og det krev energi. Melonbiten blir kald og ikkje varm av å liggje i sola.

Sjå på kva klede er laga av. Kunstfiber held ikkje like godt på varmen som til dømes ull. I ull er det mykje luftrom i fibrane som held på kroppsvarmen. Test ut forskjellen på hanskar og vottar.

Når vi bruker vottar, varmar fingrane kvarandre. Hanskar separerer fingrane, og dei blir mykje fortare kalde.

Sjå video av egg som blir steikte i solsteiken.

Sjå video 1

Sjå video 2

Sjå video 3